

Den gamle bygda – den gamle byen.

av Peter Molaug. Artikkel i Aftenbladet 04.09.1948.

Overlærer Peter Molaug ved Våland skole (1877 - 1953) ble født på Molaug i Frafjord og tilbrakte her sine 13 første leveår. I mars 1889 kjøpte foreldrene en gard på Nedre Stokka i Stavanger og flyttet dit med en stor barneflokk. I den følgende artikkelen, som 71-åring, minnes han oppveksten sin der inne i Høgsfjord i 1880-årene og også en tur til Stavanger sammen med faren.

(Reidar Frafjord)

Den gamle bygda med dei høge fjella ikring. Det stig i minnet så mangt og mykje. Mannen sit i seine år og ser attende mot eit eventyrland langt borte. Han har vore ung ein gong, han au. Bygda ligg i fjellskugge heile vinteren. Sola kjem bort utpå hausten, og ein ser ho ikkje att før om våren. I klare dagar lyser det so vent på fjelltoppane på nordsida av dalen. Fjorden ligg ei halv mil lenger nede. Der ror dei til kyrkje om sundagane eller til byen til marknads eller når ein har eitt eller anna naudturveleg ærend.

Byen, det var det store eventyret for oss born, når han far hadde vore der og kom heim att. Han hadde med seg fint, kvitt brød, - og k r i n g l a og j ø d e - k a k a, og sirup som me kunne ha på flattbrødet. Me kunne få det av mor når ho ville skjøna på oss for noko me hadde gjort vel. Noko så vedunders godt trur eg aldri byborna fekk.

Men då far kom frå byen ein dag med ei ny lampe, rundbrenner med kvit kuppel, då var det vel stas. Det var anna til ljøs enn den gamle flatbrennaren vann skaffa. No last den til kjøkenet der den svarte komfyren hadde gjort tenest i så mange år. Kola var ferdig og kom aldri att meir. Stova, ja. Det var ikkje høgt under loftet der. Han far rakk opp i bjelkane med hovudet når han retta seg. På veggen innafor døra var ei hylle med gardin føre. Der stod mjølkekollene. Så var det langbenker ved autveggen,



glasbenken, og forsetet framfor bordet. Den breie ektesenga stod ved nordveggen, ein annan stad stod senga åt minsteborna. Attåt var det eit par stolar og krakkar. Kom det framande, fekk dei liggja i nyestova i andre enden av huset. Der var det seng, og fine rosemåla kister. Og på knaggar på veggen hakk bestekleda. Største borna låg på flatsenger på loftet.

Folk laut syta for seg sjølv, greia seg med det dei sjølv kunne skaffa til vegar. Spara der sparast kunne om ein skulle berga seg, arbeida tidleg og seint. Ein tvinna seg tog av linbast. Hampetråd spann kvinnfolkene på rokken. Når ein

hadde samka heim smalen om hausten og ulla var klipt, hadde dei arbeid dei lange kveldane med å spinna og spøta. Seinare kom vevstøyrene opp. Ho mor sat i veven når ho hadde ei stund. Det var slutt på dei tider då ein brukte klede av saueskinn. Me var visst dei siste som gjekk med skinnbukser, eg og han far. Nå kom skreddargjenta på huset og sydde klede av tyet mor hadde vove.

Våren kom, og utarbeidet tok til. Hevdakjøring med den gamle kjerra med vidjeband til hengsle og breie trehjul. Treplogen la opp åkrane, dei større. Dei hadde vore åkrar frå gamalt, kvar til sitt bruk, korn og poteter, og hadde namn, Storåkeren, Langåkeren, o.s.b.

Smalen gjekk ei tid på heimevollen, men vart send til fjells når det grodde litt i stølsmarkene. Bjørnen var komen vekk, så sauene gjekk nokolunde trygt der. Gamle folk visste elles om mangt eit tak med Bamse Brakar. Han Bjønne-Tore rusla ennå på garden sin, heilt blind etter at bjørnen hadde rive augo ut på han. Utpå sumaren flytte ein til støls med kyrne. Slåttekarane kom etter og for vide over fjellet og slo på myrar og i logne solbakkar. Høyet sette ein i stakk, sume stader hadde ein utmarksløer. Heimeslåttan laut ein au få gjort med. Hestane hadde fellesferie på fjellet, ein bar høyet inn på ryggen. Og så laut ein ha eit auge etter laksen i elva og vatnet. Garn og not tok mang ein gild fisk, som ein flekte og røykte. Det var pengar å få for han i byen. Dei som budde nedmed sjøen kunne få bra store brislinglåsar. Det kom farty og kjøpte. 50 – 60 øre skjeppa tykte ein var ikkje så verst pris.

Men sumaren var stutt. Snart vart åkrane gule og måtte skjerast, og potetene måtte spadast opp. Tusta dunka på låvegolv og banka kornet av strået. Oppkjøparar kom fra byen og tinga seg lam og anna slakt. Ein laut på kverna bortmed åa og mala. Sola vart borte att, og det leid mot den lange vinteren. Men ein hadde mjøl i børene på loftet, salt kjøt og spekekjøt, poteter i kjellaren og skuten full av god, turr ved. Lat berre vinteren koma.

Når veret var godt tok ein på vedaskog. Det var nøgda av bjørk, men ikkje alle stader så godt å få veden fram. Hjø oss laut me ta brandane på løypestreng over elva som gjekk foss i foss i dei djupe kluftene, og så dra stokk etter stokk eit langt stykke etter den skarve stølsvegen til me kom der me kunne løypa dei utføre og få dei ned på flaten.

Utpå vårparten måtte ein tenkja på attåtfor til krøtera, det tok til å minka på høyet. Kring i liene voks det gildt med raun. Den hogg ein greinene av, kutta dei opp i vedskielengde og bar dei heim på ryggen. Radt opp på fjellet hendte det at me gjekk etter raunegreiner. Me batt dei saman i passelege velter og seglde dei på snøen nedetter eit skar. Sjølv stod ein bak og styrde, og det kunne gå susande fort på godt føre. I stova heime hadde ein ein staur klemd fast mellom golvet og bjelken, det var skavhelen. Ein studde skavljåen mot den når ein skulle ha borken av greinene. Når sevja steig i trea, flysja ein bork av sevje og alm. Bork av desse og av ask og bjørk og raun gjekk godt i småkrøtera. Geitene tok dertil bjørkekvist, beit, som ein kalla det.

Samstundes med dette måtte ein få høyet heim frå fjellet og markaløene. Ein bruka eit slag lette sledar og høysekker som ein hadde med eit stort kjølve på lag som ein bind fiskegarn. 3 – 4 sekkar kunne ein dra på sleden når skaren bar. Der det var høve til det hadde ein løypestreng, eller slødde dei utføre bratta, som ein gjorde det med morka, stavveden. Ei fjellferd etter høy tok gjerne ein heil dag. Det var tungt nok.

Og så var det å arbeida med opptak når det var stunder til det. Jorda var steinut og hard, men ho gav god grøde når ho vart vel stelt. For nokre år sidan var eg innom ein bonde som hadde streva mykje med garden sin. Han synte meg røysene han hadde køyrd vekk. Ein kunnig mann som var med oss tok mål og fann ut at der var over 20.000 kubikkmeter stein. Det vart mange lass, det.

Eit liv i slit og arbeid seint og tidleg. Ungdomen hadde ikkje mykje moro i fristundene sine. Dei eldre hadde eit sterkt pietistisk livssyn, og i skulen pugga me gamle Pontoppidan. Han var streng, serleg når det galdt slike ting som ”lettferdig kyssen, dansen, hoppen, springen og desslige”. Kvar sundag las ein preika i Luthers kirkepostill, og gjerne var det møte om ettermiddagen. Men ein stillfarande blank humor åtte folk, og når det var brudlaup eller ein var i byen og ”tura marken”, kunne gleda sleppa seg bra laus.,

- - -

Ja, den byen. Det var no eventyret for oss som ikkje var vaksne. Den som kunne få koma dit. Ein dag sa far at når han skulle til byen med ved, skulle eg få vera med. Langt om lenge kom då dagen. Den store fiskebåten var lasta med turr, god bjørkeved. Me fekk om bord det me elles skulle ha med oss. Seglet kom opp. For ein spak vind bar det utetter. Gamle folk kunne eit lite vers om kvar gard ein kom framom, ofte med litevetta hæding i. Til dømes:

Kaka og komla er Hagaviks mat,
Lefsa og gome det veit dei 'kje av.



Lengst ute lyfte øyane seg liksom opp or sjøen. Innetter låg fjella blå og lyste. Og så såg me endeleg byen langt framme. Sistpå kom me til lands, men då var det så langt lidande at me laut tenkja på hus til natta. Det var ei kona som heitte Marta, ho tok imot framande. Me fekk liggja i flatseng på loftet hjå henne.

Andre dagen selde far veden. 12 kroner famnen var god pris. Og så var det å sjå seg kring i byen, og der var mykje å forvitna seg på. På ein stad som heitte Bakarbrygga stod ein mann og selde mjølk av store stampar. Det kom folk og kjøpte i spann, andre ville berre ha noko å drikka. Dei drakk av litermålet til mannen, betalte og gjekk. Ein stad heitte Søragedå. Der var det supatallerkar i kjellarvindaugo i mange hus, kvitt supa med kanel på eller ertersupa. Eg høyrde folk kalla denne gata Subakanalen. Og alle dei veldige husa og ferdsla i gatene! Og dei fint kledde folka der var å sjå. Nei, ikkje alle. Eg såg eit arbeidslag som sopa og gjorde reint mellom husa. Ein mann med blank snor om huva såg etter om alt var vel gjort. Karane hadde eit svart buksebein og eit kvitt, ja, nærmast grått av skit. Eg fekk veta at det var staltarer, dei var på straff på noko dei kalla Stalten. D e t skjøna eg.



Og alt der var å kjøpa i krambuene! Eg såg vel på dei dei gylte kringlene som bakarane hadde til merke, det var tanken at eg sjølv skulle verta bakar når eg vart stor. Far gav meg pengar til å snopa for. Eg var ikkje sein, eg gjekk til ei bu og kjøpte for 10 øre i rugkavring – 7 svære kavringar for 10 øre. Eg skal seia det smaka.

Men far var snart ferdig med det han skulle ha gjort i byen, og så bar det på heimvegen att. Og der venta arbeidet. Guten frå grannehuset og eg laut gå på fjellet og gjæta smalen, så han ikkje skulle koma inn på stølslega og øydeleggja slåtten. IKvar dag laut me avstad, til dei flutte opp med bujet. Underleg lange, stille dagar. Ennå kan eg liksom høyra vindtotet i lyngen og den einslugne låten av småbylgjene som brast mot dei brune steinane i vatsmålet når me gjekk der med fiskestengene.



Seinare kom det nye tider til den gamle bygda. Nye driftsmåtar, forretningsbruk. Det var noko symbolsk med det som hendte ein dag: Det skulle verta dampskipsrute her inn, ein dampbåt skulle koma. Alle me ungane gjekk til sjøen og skulle sjå vedunderet. Og så kom han sigande, båten, stor og svær. Med eitt sette han i og bura så det skrall i fjella, og atterljomen dreiv langt opp etter dalen. Då sa ein gamal mann: ”No skræmer han av både lyr og torsk” Det var det fyrste møtet vårt med den nye tida, som litt etter kvart skulle venda på tilhøva i den gamle bygda.

Det er lenge sidan no. Kjem ein derinn no, så finn ein elektrisk ljøs i stovene og kjøken der koka ein gong brann – og fine komfyrar der ein før koka i den opne grua. Far sitt gamle torvtak-hus er ikkje til å kjenna att. Berre minnet etter det lever.

Den gamle byen har au fått sitt merke av nye tider. Men no som før er han sentrum for Ryfylkebygdene. I traust samarbeid med dei veks han fram til stendig større makt og velstand og lukke for alle dei som får sin livsens arbeidsdag her.